

# Sak til Samarbeidsutvala

---

Går til:	Samarbeidsutvala
Utval:	Bergensregionen
Dato:	09.12.20
Sakshandsamar:	SSE
Saka gjeld:	Ny tenesteavtale 11
Saksnummer:	50/20

---

## Bakgrunn for saka:

- [Tenesteavtale 11 og 12](#) trådde i kraft 01.07.2012, og handlar om samarbeid om omforeina beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda.
- [Akuttmedisinforskrifta](#) (FOR-2015-03-20-231) med krav og tilrådingar for det framtidige akuttmedisinske tilbodet.
- Endra kommunestruktur frå 01.01.2020.
- Helse Bergen meldte inn behov for å starte opp revisjon av tenesteavtale 11 og 12 i 2020, samt vurdere behovet for særavtalar med enkelte kommunar.
- Revisjon av Tenesteavtale 11 og 12 er inkludert som eit av tiltaka i Handlingsplan 2020.

I september 2018 vart [Prehospital plan](#) vedtatt av styret i Helse Bergen. Planen er utvikla i samarbeid med kommunane og beskriv føretakets retning for prehospital akuttmedisin fram til 2035.

I SU runden desember 2019 vart det vedteke revisjon av tenesteavtale 11 og 12 og at revisjonen skulle inn som eit tiltak i Handlingsplan for 2020. Oppfølging som eiga sak med mandat og oppnemning representasjon frå partane til arbeidet.

I SU runden i februar 2020 vart det vedteke eit mandat for arbeidsgruppa og plan for framdrift. Målet var å leggje fram revidert avtale til møta i september 2020.

Mandat: Utarbeida forslag til revidert Tenesteavtale 11 og 12 for kommunar og sjukehus i føretaksområdet.

- Arbeidsgruppa er ansvarleg for framdrift og utarbeiding av avtaleutkastet.
- Den einskilde representant har sjølv ansvar for å forankre oppgåve, arbeidsprosess og løysing hos dei han/ho representerer.
- Gruppa konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar.
- Avtaleutkast skulle vere klart til handsaming i Samarbeidsutvala innan 01.09.2020.
- Dersom behov kan gruppa knytte til seg juridisk eller anna kompetanse som rådgjevar for gruppa sitt arbeid.
- SSE vil bidra i arbeidet og til leveranse av avtaleutkast innan frist.

## Arbeidsgruppe:

- fire representantar kommunane; ein frå kvart utvalsområde.
- ein representant frå Haraldsplass Diakonale sykehus
- ein representant frå Voss sjukehus
- ein representant frå Brukarutvalet i Helse Bergen
- to representantar frå Helse Bergen
- representasjon frå Samarbeidssekretariatet

Etter at tenesteavtale 11 og 12 er vedteke og signert, kan arbeidet med særavtalar starta. Det vert tilrådd at arbeidet med lokale særavtalar vert utforma i samarbeid med dei lokale UFAB (Underutval for akuttmedisinsk beredskap), og at avtalepartane vil vere den enkelte kommune, Helse Bergen og eventuelt Haraldsplass Diakonale sykehus.

#### **Vurdering:**

##### **Arbeidsgruppe:**

Amy Bruvik Næss (Askøy), Trond Egil Hansen (Bergen), Tord Moltumyr (Alver), Eystein Hauge (Voss), Linda Haugland (brukerutvalet HBE), Inger Lingjerde (brukerutvalet HBE), Åge Jensen (Akuttmedisinsk avdeling), Ralf Teetzmann (Voss sjukehus), Christer Lie (Haraldsplass Diakonale sjukehus), Anne Hildegunn Færøy (SSE), Grete Lill Hjartnes (SSE) og Øyvind Østerås (Akuttmedisinsk avdeling).

Øyvind Østerås vart vald som leiar for gruppa. Det har vore tre arbeidsgruppemøter. Tidsplanen vart ikkje følgd på grunn av utfordringar knytt til pandemien.

Arbeidsgruppa vedtok å nytte juridisk bistand frå Helse Bergen og jurist Nina Næsheim har bidrige i arbeidet.

I Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester mm. (helse og omsorgstjenesteloven) §6-2 punkt 11 «*omforente beredskapsplaner og plande for den akuttmedisinske kjeden*» er utgangspunkt for avtale og Tenesteavtale 11 og 12 har fått nytt namn Tenesteavtale 11.

Endringane er i hovudsak relatert til ei harmonisering til akuttmedisinforskrifta, tydeleggjering av ansvaret som kommunane og sjukehusa har knytt til at beredskapsplanane skal vere samordna og omforeinte, samt å vere i tråd med føretakets ønskje om å laga særavtalar med kvar kommune. Punkt i eksisterande avtale som er ivaretekne i akuttmedisinforskrifta er tekne vekk.

Ulik organisering av akuttmedisinske tenester både i kommunane og i Helse Bergen sine ulike delar av føretaksområdet vil kunne bety at det er eit behov for særavtalar med den enskilde kommune.  
Utarbeidning av slike særavtalar startar etter at TA 11 er vedteken og signert av partane.

I møte i arbeidsgruppa 18.11.20 vart utkastet klart for SU runden i desember 2020.

Endeleg avtale skal signerast av partane.

##### **SSe si tilråding:**

SSe tilrår at dei 4 Samarbeidsutvala får saka i desember 2020 og at utvala avgjer om avtalen er klar for signering.

#### **Forslag til vedtak:**

SU Bergensregionen meiner avtalen er klar for signering.

SU Bergensregionen har følgjande innspel til avtale: